

Forskrift om fritak for smittekarantene for elevar og studentar over 18 år – Øygarden kommune

Heimel: Fastsett av kommuneoverlegen i Øygarden kommune 23. august 2021 med heimel i forskrift om smitteverntiltak m.v. ved koronautbrotet § 4b (covid-19-forskrifta).

§ 1. Formål og verkeområde

Formålet med forskrifta er at ungdom skal ha ein mest mogleg normal kvardag med ordinære skuletilbod samstundes som det vert gjennomført smittevernforhaldende tiltak for å hindra eller avgrensa spreiding av covid-19.

Forskrifta gjeld innbyggjarar og elevar/studentar i Øygarden kommune.

§ 2. Fritak for smittekarantene

Karantene kan erstattast med hurtigtesting for elevar over 18 år i den vidaregåande skulen og studiestader etter følgjande testregime:

- 3 testar må gjennomførast. PCR-test og hurtigtest vert likestilte.
- Første test raskast mogleg (= dag 1). Ved negativt testsvar kan eleven fritakast frå karantene fram til påfølgjande test dag 3.
- Test dag 3. Ved negativt testsvar kan eleven fritakast frå karantene fram til påfølgjande test dag 5.
- Test dag 5. Ved framleis negative testsvar er eleven nå friteken frå karantene og vidare testar.
- Dersom test vert positiv, skal eleven i isolasjon som smitta, og smittesporinga vil kontakta eleven raskt.

Smittekarantene kan ikkje erstattast med testing som skildra ovanfor for personar i opplærings- og utdanningsverksemdar i Øygarden kommune når dei er husstandsmedlemmer eller tilsvarende nære kontaktar til den smitta personen.

Unntak for smittekarantene ved testing er særlig aktuelt for skuleklassar i alle aldersgrupper, slik at skular og utdanningsstader kan leggja til rette for at undervisninga skal kunna gjennomførast som normalt.

Kommuneoverlegen vurderer at elevar i vidaregåande skule over 18 år som bør likebehandlast

med elevar under 18 år og studentar ved studiestad, skal kunna gjennomføra undervisning som normalt. Denne vurderinga byggjer på empirisk smittemønster som tidlegare er sett ved smitteutbrot på vidaregåande skular og likskapsprinsippet med at alle aldersgrupper er mest tent med ein tilnærma ordinær skulekvardag utan avbrot i undervisningstilbodet. Dersom testing ikkje let seg gjera, må heile karanteneperioden gjennomførast.

Personar som utviklar symptom på covid-19, skal gå i isolasjon.

Reglane i covid-19-forskrifta § 5 sjuande ledd første punkt, og § 7 andre ledd gjeld.

§ 3. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 23. august 2021.